

# **Samarbeidande kraftfylke**

## **Årsmelding og rekneskap for 2012**

**13 fylkeskommunar har organisert seg i  
Samarbeidande kraftfylke for å kunne stå sterkare i kampen  
om verdiskapinga frå vasskraftproduksjonen**

**Samarbeidande kraftfylke:**

**Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland,  
Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Buskerud, Oppland, Hedmark.**

## Mål og oppgåver

### Mål

**Ein størst mogeleg del av den økonomiske avkastninga av vasskrafta skal bli verande i dei distrikta der naturressursane finst og verdiane blir skapte.**

Kraftfylka har gjennom åra engasjert seg i slike saksfelt:

1. Kraftverksskattlegging.
2. Konesjonskraft, pris og leveringsvilkår.
3. Nettleige, utjamning og nettpolitikk.
4. Heimfallssaka, spørsmålet om kven som skal eige kraftproduksjonen.
5. Forvaltningsreforma, oppgåvefordeling og ivaretaking av fylka sine kraftverdiar.

### Styret

I året har styret handsama 20 saker, medrekna årsmøtesakene.

### Iverksetjing av foreining

Iverksetjing av foreining har vore den prioriterte saka i 2012. Viktige hendingar:

2012-02-27: Styret, sak vidareføring av kraftfylkesamarbeidet og org. av sekr.funksjonen.

2012-03-23: Årsmøte, sak vidaref. av kraftfylkesamarbeidet og org. av sekr. funksjonen.

Vedtak:

1. Kraftfylkesamarbeidet vert vidareført.
2. Kraftfylka skal ha eit fast sekretariat.
3. Det nye styret må velje den modellen for sekretariatsfunksjonen dei har mest tru på og få denne godkjent i fylka.
4. Ein styringsmodell med landsstyre bør vurderast.

2012.03-07: Fleire fylke uttrykte interesse for sekretariatsfunksjonen.

2012.08-09: Juridisk vurdering av konkurranseutsettingsproblematikk i høve til EØS-reglar. Konklusjonen vart at sekretariatsfunksjonen enten måtte konkurranseutsetjast eller at det måtte skipast ein eigen juridisk person.

2012-09-06: Styrevedtak om å gå vidare med å organisere sekretariatsfunksjonen som ein juridisk person (aksjeselskap, interkommunalt selskap eller foreining).

2012.09-10: Utgreiing av selskapsmodellar, juridisk vurdering.

2012-10-24: Styrevedtak om å gå vidare med foreining og sende sak ut til medlemsfylka.

2012-11-14: Sak om vidareføring av kraftfylkesamarbeidet sendt ut til fylka.

Det vart bede om ei økonomisk ramme på 2 mill. kr for 2013, og teke sikte på å gjennomføre skipinga medio desember. Det viste seg å vere for tidsoptimistisk.

### Saker 2012

2012-04-16 Komitehøyring St.meld nr 14 (2011-2012). (om sentralnettet)

Samarbeidande kraftfylke gav uttrykk for:

- Positivt med sterkt fokus på forsyningsikkerhet i meldinga.
- Petroleumsindustrien må dekke sine kostnader i nettet fullt ut.
- Kritisk haldning til elektrifisering av sokkelen.

2012-05-04 Brev til Energi- og miljøkomiteen vedk. investeringsincentiv i regionalnettet.

I brevet var det peika på at avkastningsregulering i regionalnettet, som i sentralnettet, kan vere ei veg å gå.

2012-06-13 Høyringsuttale til forskrift for Energifondet.

Samarbeidande Kraftfylke har ikkje merknad til at industrien får lette i enova-avgifta, og meiner at enova-avgifta også bør falle bort for andre nettkundar.

2012-06-22 Høyringsuttale til NOU 2012-09 Energiutredningen.

NOU 2012-09 trekkjer opp energipolitikken fram til 2050. Samarbeidande kraftfylke:

- går inn for moderate kraftprisar til forbrukarane. Dette kan oppnåast ved kostnadsrett prising eller rikeleg produksjon ved hjelp av subsidiert ny kraft.
- meiner at det er viktig å bygge ut eit sterkt norsk og nordisk kraftnett.
- meiner at petroindustri og krafteksport må dekke sin del av nettkostnaden fullt ut.
- påpeikar at lokalisering av forbruk nær kraftkjeldene må igjen bli ein fordel.
- påpeikar at den planlegginga må ta fatt i omlegging til elektrisk energi til transport.
- problematiserer at med dagens fordeling av kraftinntektene, der kraftproduserande område får ca. 25 % av inntekten og 75 % av kostnadene, så omfordeler kraftmarknaden store verdiar bort frå kraftproduserande område.

2012-10-05 Høyringsuttale, vedtaksdkompetanse for store kraftleidningssaker.

Samarbeidande kraftfylke:

- støttar at vedtaksdkompetansen vert heva til Kongen i statsråd.
- Er uroa over omfanget av kostnader for ny nettutbygging (100 mrd. kr over 10 år).
- meiner at kraftutveksling / krafteksport må bere sine eigne nettkostnader, også til opprusting i innanlandsnettet.
- meiner at staten som eigar bør bidra med kapital til opprusting av kraftnettet.

## Anna

- Løyving til kraftprisutjamning i statsbudsjettet i 2012 var 120 mill. kr.
- Kjøpsprisen for konsesjonskraft i 2012 var 10,79 øre/kWh levert kraftstasjon. Med ein gjennomsnittleg marknadspris på ca. 25 øre/kWh gjev dette ein verdi på inntil 320 mill. kr for konsesjonskrafta til samarbeidsfylka i 2012.<sup>1</sup>

## Rekneskap 2012

Kraftfylka kjøper tenester frå SFE Produksjon AS, som i første omgang også dekker kostnadene med eksternt tenestekjøp. Fakturering til fylka vert gjort a konto for heile året i juni og avrekna etter medgått i desember. Årsmøtet 2012 har sett ei ramme på 1,5 mill. kr pr. år eks. mva.

Rekneskap 2012:

### Inntekter:

Innbetalingar frå medlemsfylka: 650.000,-

### Utgifter:

Kjøp av tenester frå sekretariatet: 974.315,-

Advokat og konsulenthonorar: 776.412,-

Reise og opphaldsutgifter: 64.412,-

Andre utgifter: 24.460,-

Sum utgifter: 1.839.608,-

Rest kostnad til fordeling medlemsfylka: 1.189.608,-

Alle summar er eks. mva.

Godtgjersle til styreleiar kr 55.000 ligg inne i posten konsulenthonorar.

SFE Produksjon AS sin rekneskap, her under tenestsalet til kraftfylka, er revidert av Deloitte & Touche Statsautoriserte Revisorer AS. Rekneskapen er ført av Økonomiavdelinga ved SFE v/ Oddrun Slagstad (sign).

<sup>1</sup> Innmatingskostnader: 1,3 øre/kWh. Volum inntil 2740 GWh. Kostnad med å forvalte kons.krafta: ca. 1 øre/kWh.

## Organisasjon

### Samarbeidande kraftfylke sine organ er:

1. Årsmøte
2. Styre
3. Sekretariat
4. Valgnemnd

### Styre og varamedlemmer for perioden 2012-2015

Troms. Synnøve Søndergaard A  
Vara. Kjersti Markusson SV Nordland  
Sogn og Fjordane. Jenny Følling SP  
Vara. Iiril Schou Johansen H Hordaland  
Aust Agder. Bjørgulv Sverdrup Lund H  
Vara. Thor Jørgen Tjørhom SP Vest Agder  
Buskerud. Roger Ryberg A  
Vara. Birger Hovden A Telemark  
Sør Trøndelag. Gunn Iversen Stokke SP  
Vara. Andre N Skjelstad V Nord Trøndelag  
Rogaland. Terje Halleland FRP  
Vara. Gro Lundby A Oppland

### Leiar og nestleiar for perioden 2012-2013

Leiar: Per-Gunnar Sveen A Hedmark  
Nestleiar: Bjørgulv Sverdrup Lund H Aust Agder

### Valnemnd 2012-2015

Arve Knutsen KRF Nordland, leiar  
Astrid F Selsvold A Hordaland  
Mirjam Engelsjord V Hedmark  
Lars Tvette H Sør Trøndelag

### Sekretariat

Samarbeidande kraftfylke kjøper sekretariatstenester hos SFE Produksjon AS og juridiske tenester hos advokatane Håkon Bleken og Aksel Tannum i firmaet Haavind Visleie DA-MNA.

Sekretariatsansvarleg  
John Støyva

### Kraftfylka si adresse er

Post: Samarbeidande kraftfylke., c/o SFE, Buykta,6823 Sandane. E-post: [john.stoyva@sfe.no](mailto:john.stoyva@sfe.no).  
Telefon: 57884719. Mobiltelefon 91745784.